

Uromelding vedrørande beiting i Kallandsklubben/Vaksdal

Grunneigar av bruk 41/1 i Vaksdal kommune, Ronny Vatle Lilletvedt, har informert om at han i løpet av juni 2020 kjem til å sleppe husdyr på beite i Kallandsklubben ved Stamnes. Kallandsklubben er ei lita halvøy i Indre Osterfjord. Området har ikkje vore brukt til beiting på over 50 år. I løpet av den tida har området fått ein stor tilvekst av hytter/fritidseigedomar.

Kallandsklubben hyttelag ønskjer å leggje følgjande problemstillingar fram for Mattilsynet:

1. Er det forsvarleg å bruke området til beiteland?

Kallandsklubben har **svært** tett forekomst av Romegras og lite vanleg gras. Området har ikkje naturleg overflatevatn. I normale/tørre somrar er det såleis ikkje noko vatn å finne for beitande dyr. Kombinasjonen av rike forekomstar av Romegras og tørke er ei kjent problemstilling som kan føre til ein stor helserisiko for både sau og storfe (sjå kjelder side 2*).

Me viser i denne sammenheng til eitt av dei mange medieoppslaga som har vore dei siste åra vedrørande problematikken kring forgiftning hjå husdyr (sau og storfe) frå Romegras (for fleire kjelder, sjå side 2)*:

NÄRINGSILVET I SØGN OG FJORDANE

25. juli 2018 kl. 07:09 Bør halde seg vekke frå romeplanter – Dyr som beitar på område med romeplantar, bør flyttast, seier Thea Blystad Klem ved Veterinærinstituttet. Mattilsynet har tidlegare varsla om at romeplanten kan vere årsak til at fleire storfe er funne døde på beite. Hos sau kan planten føre til alveld, som gjer at hovuda til lam hovnar opp og gir sår i huda. Tørke har gjort at dyr beitar på myrlendte område med mykje romeplantar som dyra tidlegare har styrt unna.



2. Er det i det heile tilstrekkeleg med areal til beiting?

Det meste av arealet i Kallandsklubben som ikkje allereie beslaglagt av hyttetomter/ fritidseigedomar, er svært ulendt og dominert av kratt. Det er naturleg at eigedomane vert inngjerda når det kjem beitedyr inn i området (eigedomane har gjerdeplikt). Vert det då i det heile tilstrekkeleg med areal tilbake til forsvarleg beiting?

3. Kva vil skje med drikkevatnet vårt?

Dei mange fritidsbustadene i Kallandsklubben har anten borevatn eller brønnvatn til hushaldet. Det finst ikkje bekkar eller elvar i Kallandsklubben?. Kan vi risikere at vatnet vårt vert ureina av beitedyra? Og kva då?

Vår haldning:

Kallandsklubben hyttelag meiner at området som er tenkt til beiting kun kan gje næring til svært få dyr. Desse vil også vera mykje utsette for smertefulle og livstrugande sjukdommar på grunn av tett forekomst av Romegras. Når beiting i tillegg kan gå ut over kvaliteten av vatnkjeldene våre, så meiner me at å tillate beiting er eit brot på prinsippet om at nytteverdien skal vera større enn ulempene.

Me ønskjer også peike på Lov om dyrevelferd § 3. Generelt om behandling av dyr:

Dyr har eigenverdi uavhengig av den nytteverdien dei måtte ha for menneske.

Dyr skal behandlast godt og beskyttast mot fare for unødige påkjenningar og belastningar

I tillegg nemner me Husdyras fem friheter(Brambell):

Fridom frå svolt, tørst og feilernærings • Fridom frå ubezag • Fridom frå frykt og stress • Fridom frå smerte, skade og sykdom • Fridom til å utøve normal åtferd

I lys av dette ønskjer me at Mattilsynet gjer ei totalvurdering av Kallandsklubben som eit passande utmarksbeite.

Kallandsklubben hyttelag

Roy Middleton - leiar

*

<https://forskning.no/dyresykdommer-partner-veterinaermedisin/romens-giftige-hemmelighet/985826>

<https://www.dagbladet.no/nyheter/advarer-bonder-mot-giftplante-rimelig-sikkert-at-ni-kyr-i-suldal-dode-av-romeplanten/70038860>

<https://www.plantevernleksikonet.no/l/oppslug/886/>

https://www.miljolare.no/artstre/?side=syst&or_id=595

<https://www.fylkesmannen.no/nb/Rogaland/Landbruk-og-mat/Husdyr/romeplanta-orsak-til-dyredod-pa-beite/>

<https://www.nationen.no/article/plante-dreper-lam/>

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c98830ebd968483082a2d042b9eb2a65/no/pdfs/stm200220030012000dddpdfs.pdf>



Romeplanta, orsak til dyredød på beite



Mattilsynet varslar at romeplanten kan vere orsak til at fleire storfe er funne døde i beite rundt om. Sjølv om rome er nokså giftig, er planta til vanleg ikkje noko problem for beitande husdyr. Tørke dette året har ført til auka beiting på myrlendte område med mykje romeplanter.

NATIONEN

Plante dreper lam

Små lam fristes av den gule planten Rome når de er på beite. Dette fører til en pinefull død for de små.



Vakker, men giftig

Opprettet: 25. juli 2007

Den vakre romen har nå begynt å pynte myrene med sin gulfarge. Men for lam som spiser planten, kan det bli en smertefull slutt på fjelllivet..., skriver Harald Egil Folden.

Lam som beiter på rome, får i seg giftstoffer som kan utvikle sykdommen alveld. Giften gir leverskade som hemmer dyret i å kvitte seg med avfallsstoffer. De kommer derved ut i blodbanen. Når solstråler treffer åpne hudpartier på hodet, oppstår en fotosyntese som medfører bakterieinfeksjoner. Det syke dyret slutter å spise, mister mye av synet og får en smertefull død. Syke lam prøver å unngå sollys ved å komme seg under trær, bygninger og andre skyggefulle steder. Giftstoffet i romeplantene (saponin) har ulik konsentrasjon på ulike beiteområder. Utslag av sykdommen alveld blir derfor ikke like utbredt over alt.

(Opplysninger fra forskeren Arne Flåøyen)

I Rindal og Surnadal er det på nordsida av dalen det har vært størst problemer med alveld.



Fitjar Posten



Stor førekommst av rome på Osphovda, i eit vått område der det vanlegvis er vanskeleg å koma utpå. Foto: Kjetil Rydland.

TØRKEN AUKAR FAREN FOR ROMEFORGIFTING

Rome er ein myrplante med fin, gul blomst, men han er skumlare enn han ser ut. Han kan gjera stor skade på husdyr, og i Suldal i Rogaland døydde ni kyr av romeforgifting i førre veke.